



**NJFF**  
Sogn og Fjordane

Til lokallaga i Sogn og Fjordane

Vår ref:

Deres ref:

Førde, den: 13.03.2025

## Innkalling til årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane

Årsmøtet vert halde på Thon Hotel Jølster på Skei fredag 28. mars. Årsmøtet vert kombinert med ei tillitsvaldsamling som vert halde laurdag 29. mars.

Påmeldingsfrist til årsmøtet er 1. mars. Påmelding skal skje av lokallagsleiar eller på oppdrag frå lokallagsstyret. Regionlaget sponsar delar av avgifta.

[https://pamelding.njff.no/register/#/arsmoteogtillitsvaldkonferanseinjffsognogfjordane\\_24012025081340](https://pamelding.njff.no/register/#/arsmoteogtillitsvaldkonferanseinjffsognogfjordane_24012025081340)

Prisar:

Fredag dagpakke med middag: 400,-

Laurdag dagpakke med lunsj: 300,-

Full pakke med overnatting: 1.500,-

Saker til årsmøtet må vere styret i hende seinast 27.02.2024, sendast til [sognogfjordane@njff.no](mailto:sognogfjordane@njff.no).

Endeleg sakliste og program vert sendt ut på e-post saman med årsrapport og årsmøtedokument seinast 2 veker før årsmøtet.

Venleg helsing

Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane

Håkon Huseklepp  
Regionleiar

Reidun Solberg Seim  
Regionsekretær

## FØREBELS PROGRAM ÅRSMØTE NJFF -Sogn og Fjordane 2025

### Fredag 28. mars Årsmøte

- Kl 17.00 Noko å bite i
- Kl 17.30 Årsmøtesaker
- Kl 19.00 Kaffepause
- Kl 19.30 Høgfoss og Fallan Jaktfilmer
- Kl 21.00 Festmiddag

### Laurdag 29. mars Tillitsvaldsamling

- Kl 08.30 Nytt fra NJFF: ny miljøstrategi – kva vil det seie for lokallaga? Vedtekter må setjast opp i ny form med meir.  
Ved Alf Erik Røyvik, Forbundsstyret i NJFF
- Kl 09.15 Pause
- Kl 09.30 Gaular jfl: reetablering av lokallag.  
Ved Susanne Paulsen
- kl 09.50 Hyllestad jfl: korleis vi driftar laget  
ved Jan Erik Søreide og Henning Skjalg Fureli
- Kl 10.10 Gruppeoppgåver.  
Pause når det passar
- Kl 11.45 Lunsj
- Kl 12.30 Presentasjon av gruppeoppgåver
- Kl 13.00 Pause
- Kl 13.15 FRILUFTSLIVETS ÅR

Psykisk helse og jakt, fiske og friluftsliv  
Ved psykolog Per Steinar Melås

Mat i friluft. Tips og idear til kva ein kan lage i på bålpanna og grillen når lokallaga har aktivitetar ute. Smaksprøver.  
Ved Sigrid Henjum

- Ca Kl 16.00 Trekning av «til-stade»-premie, alle skriv namnet sitt på ein lapp og legg i hatten. Trekker ut 3 pengepremiar. Heimreise

### SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet.
  - Godkjenning av representantar
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av dagsorden
  - Godkjenning av forretningsorden
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær

- Val av teljekorps
  - Val av to delegatar til å underskrive protokollen
2. Årsberetning 2024
  3. Revidert rekneskap 2024
  4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak.
  5. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden.
  6. Styret sine forslag til årsplan og budsjett 2025.
  7. Val av styre i samsvar med § 7.
  8. Val av valnemnd på tre medlemmer inklusive leiar, så vidt mogleg geografisk fordelt. Medlemene veljast for tre år, rullerande slik at ein person er på val kvart år.
  9. Val av revisor og vararevisor for eitt år.
  10. Val av utsendingar til landsmøtet. Desse skal være gyldig medlem av eit av lokallaga i regionen eller vere direktmedlem i regionlaget.

### Antal delegatar kvart lokallag kan sende til fylkesårsmøtet

I h.h. til vedtektene kan lag med inntil 200 medlemmer sende 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar. Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Lokallag	Antal betalte medl Per 31.12.24	Antal delegatar ein kan sende på årsmøte
Askvoll og Holmedal Jff	78	2
Aurland Jfl	140	2
Balestrand Jfl	45	2
Bremanger jff	44	2
Eid jfl	241	<u>3</u>
Fjaler js pfl	62	2
Flora jff	292	<u>3</u>
Førde Jfl	304	<u>3</u>
Gaular Jfl	59	2
Gloppen Jfl	197	2
Gulen js pfl	39	2
Hyen Jff	73	2
Hyllestad jfl	88	2
Jølster Js pfl	102	2
Leikanger Jfl	317	<u>3</u>
Luster Jfl	246	<u>3</u>
Lærdal Jfl	42	2
Naustdal Jff	82	2
Sogndal js fl	191	2
Stryn og Hornindal Js pfl	109	2
Vik jfl	99	2
Ytre Nordfjord Jff	49	2
Årdal Jff	543	<u>4</u>